
Fra: Inger Helen Hellesund
Sendt: 03.01.2008
Til: Postmottak KRD
Kopi:
Emne: 98131_2_P

Vedlagt oversendes formannskapet sitt vedtak i møte den 19.12.2007 sak 168/07.

ØYGARDEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

R.f.

Styre, råd, utval m.v.

Møtedato

Saksnr

FS

Formannskapet

19.12.2007

168/07

Arkiv: K1-060

Arkivsaknr: 07/1727- 27

HØYRING AV FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I KOMMUNELOVA OG FORVALTNINGSLOVA OM ROLLEKLARHEIT MV. I KOMMUNESEKTOREN

Sakshandsamar: Torgeir Sæter

Lovgrunnlag:

Forvaltningslova og kommunelova

Skriv/fråsegner:

KORT OM SAKA:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut til høyring endringar i kommunelov og forvaltningslov knytt til reglar som skal føre til auka openheit og klarare rollar i kommunar og fylkeskommunar. Uttalefrist er 31.12.07. Utkastet er tenkt å bidra til auka openheit og klarare rollar i kommunar og fylkeskommunar.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Framlegga som no er lagt fram er oppfølging av rapporten om "Regelverk for kommunesektoren i et etisk perspektiv" frå i mars i år.

Bakgrunnen for endringsforslaga er Kommunal- og regionaldepartementet sitt arbeid med etikk i kommunesektoren. Departementet sitt utgangspunkt er at ein høg etisk standard ikkje oppstår som følge av lovreglar, men at det likevel er departementet si oppgåve å sjå til at lover og forskrifter som departementet forvaltar inneheld naudsynte og føremålstenlege reguleringar i høve til forvaltingsetiske dimensjonar. Gjennom føremålstenleg regelverk ønskjer staten å leggje til rette for etisk forsvarleg praksis i kommunal verksemd. Forslaga til lov- og forskriftsendringar som er sendt på høyring er meint som bidrag til større etisk merksemd, auka åpenheit og rolleklarheit i kommune og fylkeskommune.

Samandrag av departementet sine forslag følgjer vedlagt.

Formannskapet har bede rådmannen utarbeide ein høyringsuttale til forslaga om regelendringar frå departementet. Rådmannen forstår det slik at det særleg er i høve forslaget som går fram av samandraget pkt. 1.5.3 formannskapet ønskjer å ytre seg. Departementet foreslår her å oppheve unntaket i forvaltingslova § 6 første leden bokstav e, noko som vil medføre at dagleg leiar og styremedlemer vert ugilde når saker som gjeld selskapet skal handsamast i folkevalde organ, sjølv om selskapet er fullt ut eigd av stat eller kommune.

Departementet ber også om høyringsinstansane sitt syn på om det bør innførast valførheitsavgrensingar for ordførar og varaordførar til styret i kommunale selskap.

VURDERING:

Bakgrunnen for forslaget er at bruk av kommunale selskap har auka vesentleg det siste tiåret. Selskapa som vert danna har ofte ein ideologi som inneber at selskapa sitt sjølvstende vert sterkt vektlagt. Styret har det overordna ansvaret for at verksemda er forsvarleg organisert, for å sørge for kontroll med den daglege leiinga og verksemda for øvrig. Den som i eigenskap av styremedlem aktlaust eller forsetteleg påfører selskapet skade, kan også verte erstatningsansvarleg.

Samstundes konkurrerer mange offentleg eigde selskap i aukande grad med private aktørar. For at ålmenta si tillit til kommunane ikkje skal verte svekt i ei slik situasjon, er det viktig at rollane som bestillar og leverandør/anbydar ikkje vert blanda. Ein regel om at styremedlem i også fullt ut offentleg eigd selskap er ugild til å tilretteleggje grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei forvaltingssak er tenkt å ivareta denne tilliten.

På den andre sida har ikkje alle kommunar i like stor grad oppretta selskap som driv næringsverksemd. For selskap som ikkje driv næringsverksemd, oppstår ikkje same behovet for eit rolleskilje som når selskapet driv slik næringsverksemd. Departementet har drøfta spørsmålet om å vidareføre unntaket berre for kommunale selskap som ikkje driv næringsverksemd, men konkluderte med at omsyna som talar for å vidareføre unntaket for denne gruppa selskap ikkje er tunge nok til at hovudregelen ikkje bør gjelde. Etter rådmannen si vurdering, bør ein høyringsuttale frå Øygarden kommune knyte seg til dette punktet.

Interkommunale selskap eller andre verksemdar som ikkje driv næringsaktivitet, er viktig for å løyse samfunnsoppgåver utover det ein kommune funksjonelt kan handtere. Det er då viktig at politisk leiing kan sitte i styre og råd for desse, for å forankre kommunen sine interesser og sikre tett oppfølging mellom kommune og selskap/ verksemd.

Utkast til uttale

"Øygarden kommune er i stor grad positiv til dei forslaga til reglar departementet legg fram for å medverke til auka openheit og klare roller i kommunar og fylkeskommunar.

Kommunen har likevel merknader til forslaget om å oppheve unntaket i forvaltingslova § 6 første leden bokstav e.

Ikkje i alle kommunar har omfanget av kommunale selskap auka i like stor grad. For kommunalt eigde selskap som driv forvaltingsprega verksemd, interkommunale driftsrelaterte oppgåver og anna verksemd som ikkje er næringsverksemd, er ikkje behovet for skilje mellom roller like stort som for kommunalt eigde selskap som driv slik næringsverksemd, og er i konkurranse med andre selskap. For slike selskap er det ikkje same interessekonflikt som elles, og omsyna som er bakgrunnen for gjeldande reglar gjer seg framleis gjeldande.

Ved å vidareføre unntaket i fvl § 6 første leden bokstav e berre for kommunale selskap som ikkje

driv næringsverksemd, ville ein unngå rollekombinasjonar i situasjonar der det finst konkurrerande næringsverksemd. Slik ville omsynet til ålmenta si tillit til forvaltinga vorte ivareteke. Samstundes ville dei praktiske sidene som talar for ein kombinasjon av rollar vorte ivaretekne. I ein liten kommune kan det vere ein fordel at same person kan ha forskjellige rollar utan å verte ugild. Ordninga er effektiv for kommunen, og kan også sikre at styre får naudsynt tyngde."

INNSTILLING TIL VEDTAK:

-

Utkast til uttale vert vedtatt slik den ligg føre.

19.12.2007 Formannskapet

FS-168/07 Vedtak:

Avsnittet "Utkast til uttale" i saksutgreiinga vart samrøystes vedteken.

TJELDSTØ, dato

for rådmannen (e.f.)

Rådmann/Einingsleiar:

Sakshandsamar: Torgeir Sæter